



Blir Festidalen 2018 i juni?

Det har lenge vore snakka om at Festidalen kanskje burde ha vore tidlegare på sommaren. No kan det verta ei endring. Det skal imidlertid leggjast ei grundig vurdering der alle involverte parter vert oppmoda til å koma med synspunkt. I samband med det har styret sendt ut denne pressemeldinga:

Festivalen har i mange år vurdert å byte dato for gjennomføring, det har vore eit sterkt ynskje frå både frivillige og publikum å kunne arrangere tidlegare på sumaren. No vurderer styret i Festivalen å gjere alvor av dette og flytte festivalhelg til siste helga i juni.

Styret i Festivalen har hatt direkte kontakt med lag og organisasjonar som vi meiner vert direkte berørt av dette, og vi har fått berre positive tilbakemeldingar. Før dette vert endeleg avgjort, vil styret likevel alle gje lag og organisasjonar i vertsbygda sjanse til å komme med innspel som bør takast omsyn til i saka. Endeleg avgjerd skal takast på søndag, og evt innspel må vere styret i hende i god tid før dette.

Helsing styret i Festivalen.

Foto: Festivalen
Nett: Thor Inge Døssland